

Satsar på ei digital framtid



BREITT SAMARBEID: Ole Dramdal (f.v.) (Skye), Frode Myrseth (EVRY), Morten Bjelland (Leirvik), Helge Gjøsæter (Leirvik), Erlend Gjerdesvik (TESS Vest), Frank Terje Karlsen (Leirvik), Roar Kleven (TESS), Kjetil Iø (TESS Vest) og Tommy Aleksandersen (TESS Vest). FOTO: LEIRVIK AS/PRESSEFOTO

Leirvik AS går frå å vera ei tradisjonell industribedrift til ei verksemd som satsar på digital teknologi.

– I lag med lokale og nasjonale samarbeidspartnarar tek Leirvik AS grep for å setja bedrifta i stand til å

forbetra konkurransekraft si. Målet er å raskare ta i bruk eksisterande og ny teknologi i arbeidsprosessar og produkt, i tillegg til heve bedrifta sin generelle teknologikompetanse, skriv verksemda i ei pressemelding.

Leirvik har i desse dagar inngått samarbeidsavtalar med selskapa EVRY, Skye og TESS, som alle vil vera bidragsytarar når det no vert

sett i gang ei rekkje prosjekt der dei skal arbeida målretta med å ta i bruk teknologi i ei industriell prosjekt driven bedrift.

– Leirvik har lenge jobba med digitale løysningar, Lean, kontinuerleg forbetring og effektivisering av prosessane våre, men i fjor haust bestemte me oss for å auke fokuset på innovasjon og digitalisering endå meir. Dette er nødvendig for å kunne halda oppe konkurransekrafta vår. Me innsåg tidleg at me ikkje hadde nok kompetanse i eiga bedrift og at det var behov for å heva eigen kompetanse, men også knytte til oss ekstern kompetanse, forklarar adm.dir. i Leirvik, Helge Gjøsæter. Blant anna deltok heile leiargruppa nyleg på pilotkurset «aDigital», i regi av Atheno og Digital Norway.

Leiar for innovasjon og digitalisering i bedrifta, Morten Bjelland, ser fram til den spennande oppgåva med å rettleia organisasjonen i det pågåande arbeidet med digitalisering.

– Me kjem til å utforska moglegheiter innanfor ei rekkje teknologifelt som vir-

tuell og utvida realitet, bruk av robotar, simulering og analyse av data. Men først og fremst handlar det om folk, kompetanse og bruk av kjent teknologi, påpeikar Bjelland.

Dagleg leiar Ole Dramdal i Skye avd. Stord er godt nøgd med samarbeidet.

– Me er glade for at Leirvik valde lokal teknologikompetanse som ein av bidragsytarane. Vår nærleik til bedrifta, og vår kjennskap til industrien i Sunnhordland, vil vera eit fortrinn for begge parter i det vidare samarbeidet, seier Dramdal.

I tillegg til to partnarar med sterk lokal forankring, Skye og TESS, har Leirvik fått med seg ein stor nasjonal aktør, nemleg EVRY. På den måten vil Leirvik kunne få tilgang til naudsynete ressursar og kompetanse på dei fleste teknologiområda, heiter det i pressemeldinga.

► **Magne Kydland**

magne@sunnhordland.no

Lag **NYTT** av dine gamle bilder, dias, videoer etc.



Bestill
innan 29/9
og få

÷ 30%

elitefoto

Borggata 9 - Tlf. 53 40 20 10

www.elitefoto.no

Sjå også 

Opnar i Singapore

► **FITJAR/SINGAPORE:** Pink Fish har opna sju restaurantar på eitt år. Til neste år opnar den første i utlandet, i fasjonable The Jewel, som er eit kjøpesenter på ti etasjar og 134.000 kvadratmeter midt i mellom terminalane på Changi Airport i Singapore

I tillegg til restauranten i Singapore,

opnar også Pink Fish restaurantar på Sola og to i Oslo på nyåret.

– Totalt vil me ha sju i Norge og éin i Asia. Etter det skal me pusta litt i bakken. Me har verkeleg gått «all in» i etableringsfasen, seier dagleg leiar Ronny Gjose, som driv selskapet i lag med fitjarbuane Geir Skeie og Svein Sandvik.